




Sunnfjord  
kommune

# Vie barnehage

## Barnehageportrett



## Historiske barnetal frå 2008 – 2023



## Kapasitetsutnytting

Faktorar	15.12.2023	30.06.2024	2024/2025
Barn under 3 år	27	28	30
Barn over 3 år	51	53	50
Godkjent leike- og oppholdsareal kvm	472,0	472,0	472,0
Arealutnytting kvm	391,5	406,5	405,0
Kapasitet arealplassar	104,9	104,9	104,9
Arealplassar i bruk	87,0	90,3	90,0
Ledige arealplassar	17,9	14,6	14,9

## Bemannning i årsverk

Bemannning etter teneste 201

Faktorar	2023/2024	2024/2025
Styrar	1,0	1,0
Assisterande styrar	1,0	1,0
Pedagogisk leiar	6,7	6,0
Barnehagelærar	0,0	1,8
Fagarbeidar	7,5	6,6
Assistent	3,5	6,6
Lærling	2,0	1,0
Snittalder		40,4

## Grunnbemannning

Bemanningsnorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per vaksen	5,7	6,0	6,0	5,9

## Pedagognorm

Pedagognorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per pedagog	13,3	13,5	14,0	15,7

## Økonomi

Økonomi	2020	2021	2022	2023
Rekneskap	11 387 318	12 487 380	12 014 250	13 630 861
Budsjett	12 053 850	12 855 411	12 384 579	14 310 510
Kostnad per heiltidsplass	144 509	156 483	149 245	176 795

## Tilbod og utvikling i sektoren

Skule	Slåtten skule
Tilknyting til andre tenestetilbod	Har kort veg til dei fleste servicetilbod i Førde sentrum.
Bustad og næring	Vie barnehage er «nærbarnehage» til to viktige og store kompetansearbeidsplassar – Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet.

## Bygningsmasse

Byggår	2009
Areal	783 kvm
Godkjent leike- og oppholdsareal	472 kvm
Uteareal	2 155 kvm

## Andre forhold

Avstand til Førde sentrum	2,8 km
Avstand til Hatlehaugen barnehage	110 m
Avstand til Tusenfryd barnehage	650 m

## Tilbakemelding frå foreldre, tilsette og andre interessentar

### Det pedagogiske tilbodet

#### Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen har erfarte pedagogar på alle avdelingar, mange fagarbeidrarar, erfarte fagarbeidrarar og assistenter. Eit stort fagmiljø
- Tilsette som har mykje kunnskap om relasjonskompetanse, språk, spesialpedagogikk og "Hjartesamling"
- Barnehagen er ein lærande organisasjon. Vi jobbar med utvikling gjennom regionale kompetansemidlar og gjennom vidareutdanning i regi av utdanningsdirektoratet
- Barnehagen jobbar godt med overgangar og med tilvenning

#### Forbetningsområder

- At fagarbeidrarar og assistenter får meir tilbod om kurs, samt at dei får meir rettleiing frå pedagogane
- Ha tilstrekkeleg med personale for å kunne dele i mindre grupper, og ta ut planleggingstid. Dette er viktig for å kunne sjå, og følge opp alle barn

- Auka planleggingstid til pedagogane. Det kjem stadig nye krav til dokumentasjon og gjennomføring
- Få meir tid til å gje kunnskap om ulike pedagogiske materiale vi har på jobb
- Kan bli mykje opplegg på ein gong. Vi skal gjennom mykje på kort tid, samstundes som ein skal ivareta barna og den daglege omsorga

## Organisasjonsmessige forhold

### Dette er vi tilfreds med

- Vie barnehage har seks avdelingar, og vi meinat det gjer oss til ein svært god barnehage med høg kvalitet. Fleire tilsette fører til fleire å diskutere med og lære av. Stort fagmiljø. Kan flytte personale mellom avdelingane ved ev fråvær, og vi kan dele barnegruppene inn i mindre grupper
- Vie barnehage har eit variert og stort uteområde. Det er motiverande for barn og vaksne

### Forbetningsområder

- Barnehagen treng eit vognskur
- Betre lys på dei avdelingane som ikkje har utsikt, og som er mørke
- Utbering av uteområde og leikeapparata
- Betre ventilasjon
- Setje inn vindauge på avdelingane slik at ein kan lufte, og på den måten få betre luftkvalitet

## Barnehagen i lokalsamfunnet

### Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen er viktig med tanke på arbeidsplassane og at den er nær der folk bur
- Barnehagen ligg sentralt i høve sjukehuset og Slåtten skule
- Barnehagen blir brukt av familiar på ettermiddag og helg
- Barnehagen har mange tilbod rundt/nær barnehagen: ambulansetenesta, gymsal på Solvang, biblioteket og symjing på Førdehuset
- Barnehagen har eit eige friluftsområde på Tefre, som ein lånar av ein bonde

### Forbetningsområder

- Barnehagen kan styrke samspelet med skulane – ha eit tettare samarbeid
- Tettare samarbeid med sjukehus og/eller sjukeheim
- Vi kan utforske nærmiljøet meir, og vi kan invitere andre inn

## Andre innspel

- Treng ein å bygge ny barnehage når barnetalet går ned?
- Fylle opp eksisterande barnehagar, samt legg ned barnehagar det ikkje er behov for
- Bruke eksisterande bygningsmassar og rehabilitera i staden for å bygge nytt

## Prosjektgruppa si oppsummering

### No- situasjonen

Vi har nytta Utdanningsdirektoratet (Udir) sin bemanningskalkulator for barnehage<sup>1</sup> for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma, og korleis fagmiljøet er i barnehagen. Tala som er lagt til grunn er barnetalet i tabellen kapasitetsutnytting og tabellen bemanning i årsverk for barnehageåret 2024/2025.

Vie barnehage følger bemanningsnorma, men ikkje pedagognorma. Det er noko overallighet i barnehagen basert på utrekningane i bemanningskalkulatoren til Udir.

Det er eit godt fagmiljø i barnehagen og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for barna.

Barnehagen blei etablert i 2009, det er ikkje gjort større oppgraderingar sidan barnehagen blei bygd. Barnehagen er bygd i 4 hus, 3 av husa er til barnehageføremål og eit bygg til administrasjon. Dette kan svekke stordriftsfordelane barnehagen kan ha ut i frå storleiken. Basert på kriteria vi har lagt til grunn manglar barnehagen gode fasilitetar for tilsette, mellom anna manglar dei møterom og optimale kontorplassar for tilsette. Arealet til barn er funksjonelle, men dei manglar mellom anna allrom og grupperom i nærleiken av avdelingane. Barnehagen har ledig kapasitet i bygget ut i frå arealplassar.

### Kva kan dette bety for barnehagen i framtida

#### Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar kan bli ei utfordring på sikt.
- Vi ser ein generell nedgang i tal studentar som vel barnehagelærarutdanning, og det kan bli vanskeleg å rekruttere ny kompetanse på området.
- Dersom barnehagen opplever redusert barnetal i framtida vil det kunne føre til at det blir færre stillingsheimlar i barnehagen.
- Dersom barnehagen har færre stillingsheimlar kan det igjen føre til færre pedagogar. Dette kan svekke det faglege miljøet i barnehagen.

#### Organisering

- Det kan bli behov for å vidareutvikle organiseringa av barnehagen for å møte endringar i barnetalet. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar og gruppedeling.
- Organisering av barnegrupper i framtida vil avhenge av tal søkerar og alder på barna.
- Det må i framtida vere samsvar mellom tal barn og tilsette for å følge bemanningsnorma, og for å nytte midlar i sektoren føremålstenleg.

---

<sup>1</sup> [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

## **Lokalsamfunn (struktur)**

- For å oppretthalde barnetalet og utnytte kapasiteten i barnehagen er vi avhengig av at folk vel å busette seg i området, eller er villige til å bruke tid på å bringe/hente dersom barnehagen ligg langt fra heim eller arbeidsplass. I tillegg treng vi at foreldre søker plass i barnehagen.
- Det er fritt barnehageval i dag og det er foreldra som legg premissar for at barnehagertilboden blir oppretthalde i lokalsamfunnet
- Foreldreundersøkinga som er gjennomført i prosjektet kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen syner at det er like viktig å ha eit barnehagertilbod på veg til arbeid, som at barnehagen ligg nær eigen bustad.

For utfyllande detaljar kan du sjå innspela i sin heilskap [her](#).